

Julehelsing

frå Bjønnaposten 2017



God jul!



Handballsesongen 2016/17

Handballgruppa i Bjørn hadde sju lag med på ordinært seriespel i sesongen 2016/17, det same som sesongen før. I tillegg var 9-åringane med på minihandballturneringar med fleire lag. Jenter i alle aldersklassar frå 9 år og oppover har hatt eit handballtilbod i klubben ettersom dei som fylte 16 i sesongen kunne gå inn på seniorlaget. Gutane har hatt tilbod opp til 12 år – i praksis 13 år på grunn av høvet til å bli med på dispensasjon. Tre av dei eldre gutane har satsa vidare på G16-laget til Sogndal.

Det har vore god stemning og mykje moro i hallen under heimekampane! Det vart kjøpt inn ny resultatavtale og tidtakarsystem til sesongstart, noko som gjorde kampavviklinga enklare. Det er stor aktivitet i hallen, som byrjar å dra på åra. For spelarane er nytt golv og betre lys særleg viktig å få på plass, så det vonar me vil ordne seg i løpet av nokre år.

Dei følgjande meldingane og bileta frå laga gjeld 2016/17-sesongen. Når dette blir skriva, er 2017/18-sesongen godt i gang, og Bjørn stiller no lag i J15, J12 (2 lag), J10, G14 og G10 (2 lag). Det var diverre ikkje mange

nok spelarar til å stille damelag i år, men det blir arbeid for å få til lag neste år når jentene på det gode og aktive J15-laget er gamle nok. Seniorspelarane har denne sesongen tilbod om å trene med J15. Det er også flott at Bjørn har eit stort og aktivt G14-lag. Sjølv om me manglar lag i nokre årsklassar, har alle jenter opp til 15 og gutar opp til 14 eit handballtilbod i Bjørn denne sesongen. Spelarar frå dei årskulla der me ikkje har lag, er med laga til dei eldre eller yngre årsklassane. To jenter frå J15 har i 2017 delteke på spissa regionale treningssamlingar.

I år som før vonar me mange 9-åringar vil bli med på minihandball, og handballgruppa har som før to økter med handball kvart halvår på barnetrimmen i Gaupne.

Bli med på handball – som spelar eller som heilagjeng i idrettshallen under kampane!!

Helsing frå handballstyret

Oddmund L. Hoel (leiar), John Oddvar Vinda, Jorunn Skålvik og Tone Kristin Thomassen.

Gutar 9 år



Gutar 9 år (2007). Det har vore ein flott gjeng på opptil 14 spelarar totalt. Treningar har vore Linda Tuften Høistad og John Børre Veum. Medhjelparar har vore Aud Jorunn Hellen og Berit Tandle Kroken. Det har vore trening 1 gong i veka og veldig godt oppmøte heile sesongen. Me deltok på totalt 5 turneringar. Bak f.v.: Sondre Ekrene, Lucas Aarøy, Robin Heen Veum, Oliver Tuften Høistad, Samuel Våradi, Hogne Hønsi. Framme f.v.: Lars Marcus S. Uglum, Nathan Semerberhan, Henning Bruflat, Kristian B. Sandvik, Thomas Råum. Eriya Sadiki og Nils Tarjei Teigen var ikkje til stades då bilete vart teke.



Gutar 10 år

Gutar 10 år (2006).
 Frå venstre Tobias
 Bjørnland, Arve
 Jørgensen, Oliver
 Jørgensen, Kristi
 Bjørhusdal (trenar),
 Maria Kalstad (trenar),
 Øyvind Hoel, Stig
 Knut. Jostein Loe og
 Aleksander Heltn. Laget
 er fotografert i sivil under
 sesongavslutninga i
 Bredal samfunnshus.



Gutar 12 år



Gutar 12 år (2005). Gutar 12 har vore 13 spelarar og kampene har gått litt opp og ned, men humøret og energien har vore på plass. Trenarar har vore Per Reidar Svangstu og Svanhild Prestegård. Og alltid tilstades dei to fantastiske lagleiarane: Berit Tandle Kroken og Marianne Moen Bruflat. Bak frå venstre: Per Reidar, Amund, Trym, Rune, Kristian, Sondre, Karlis, Per, Svanhild. Framme frå venstre: Håvard Andreas, Fredrik, Jonas, Geir Morten, Vegard. Audun var ikkje tilstades då biletet vart teke.



Jenter 9 år



Jenter 9 år (2007). Jenter 9 har hatt ein super sesong med minihandball, me har spelt kampar i Vik, Leikanger, Årdalstangen og heime i Gaupne. Det er ein kjekk og glad gjeng som no gleder seg til ein ny sesong. Treinarane er Sissel Hovland og Gunn Beate Thorsnes Lefdal og lagleiar er Tone Helen Kvalen.

På biletet bak frå venstre: Samsam Ali Abdi, Kristine Sæterhaug Høyheim, Ingrid Beddari Ørbeck, Josefine Thorsnes Lefdal, Ella Malene Hovland, Anna Maria Bremer, Arsema Abraham Tekle. Framme frå venstre: Stina Bukve Gunnestad, Marte Prestegård, Leah Walderhaug Nævdal, Ingrid Johanne Kvalen, Emma Flohaug og Marte Schanke Eikum. Desse var ikkje til stades då bilete vart teke: Eirill Skjerdal og Oda Åsen. Bilete er teke i mars 2017.

Jenter 10 år



Jenter 10 år (2006). Frå venstre: Nora B. Hansen, Heidi Menes Røysum, Ella Orrestad, Maria Teigen, Thea Rønning, Ronja Fuhr Haugen og Rozi Kun. Treinar og lagleiar har vore Sølviann Menes og Camilla Steinset Teigen.





Jenter 11 år



Bak fra: Mona Lisa Goldmann og Tonje Marie Karlsen Holene. I midten: Salmo Ali, Karina Mei Olsen, Enya Heggstad, Tuva Vilde Veum, Kristina Hovland, Andrea Årøy og Serafine Rosager. Framme: Ella Skålvik Johannessen og Lea Therese Oppedal.

Jenter 11 år (2005 og 2004). Jenter 11 hadde et flott år med 14 fine jenter, 3 av disse var 12 åringer. Vi hadde både spillere fra Hafslo, Indre Hafslo og Gaupne med på laget. Vi hadde en god blanding av seire og tap, men hadde primært fokus på spilleglæde samt utvikling av spillere og lag. Sandhya var en flott lagleder gjennom sesongen og gav god hjelp og støtte til Laila og Sofie.

Denne sesongen fortsetter laget med 19 spillere, en fra årgang 2004 og 3 fra årgang 2006. Vi stiller med to lag i serien. I år har vi spillere fra Hafslo, Indre Hafslo, Luster og Gaupne med på laget.

Jenter 13 år

Jenter 13 (2003). Laget hadde ni spillere og var såleis ikkje fleire enn det som trøngst for å kjempe seg gjennom sesongen. Trener og lagleder var som før Anders Molland og Ronny Melheim. Det har stort sett vore same laget på handball og fotball. I haust var dei ikkje mange nok til å stilla J14-lag, så dei har fått tilbod om å vera med på J15.

Biletet er identisk med Jenter 14 år fotball.

Bak fra venstre: Victoria Veum, Ailen Norheim Ekrene, Kaja Flåten Molland, Sofia Dalehaug, Kristine Melheim og Martine Goldmann Kvamme.

Framme fra venstre: Jasmin Kanegi Namu, Julie Bjørnetun Sandvik, Pia Døsen Walaker, Emma Maria Sognnes Heltne og Tora Bjørhusdal.





Jenter 14 år



Bak frå venstre: Arvid Solstad, Karin Sie, Kine Hauge, Guro Gauteplass Lie, Anna Talle, Benedikthe Drevdal Tverberg, Stine Leirdal og Elin Solstad. Framme frå venstre: Kristi Bjørhusdal, Agnete Solstad, Mia Sætherbø, Sandra Kvalsvik og Martine Nyloy Fredheim.

Jenter 14 (2002). Sesongen 2016/2017 hadde me 13 spelarar, dette var ei god treningsgruppe, då me kunne spele kampar på treningane. To av jentene slutta i løpet av sesongen. Me hadde ein tøff sesong, me var på høgde med dei fleste laga, men dessverre enda ein del av kampane med knappe tap. Dette øydela ikkje viljen til å spele kampar og gje alt. Denne sesongen spelte me enkel serie, og det var kun 10 lag. Fyrste oppsette kamp mot Vik vart ikkje spelt, og me enda då med kun 8 kampar, dette er for få kampar når me skal halde motivasjon og trøkk oppe. I april var det sluttspel der nr. 1-3 spelte mot

kvarande, 4-7 spelte mot kvarandre, og 8-10 spelte mot kvarandre. Me låg på 8. plass før sluttspel, og med to gode kampar der me slo Vik og Syril beholdt me denne plassen.

Me er heldige som har ein stabil spelarstall, foreldre som stiller opp på dugnad i kiosk og sekretariat, og heiar frå tribunen både heime, og nokre blir også med på bortekamp sjølv om me køyrer Bjørnbussen.

Takk for nok ein kjekk sesong !
Trenar og lagleiar Arvid og Elin Solstad

LIE
STEIN & ANLEGG AS

Rolf 91199081 / Åge 93426411



Kvinner 4. div.



Bak frå venstre: John Oddvar Vinda (lagleiar) Malin Skinlo, Kaia Øvregard Røhme, Karoline Slinde, Rita Bergum Hansen, Karoline Lie, Hedda Njos, Frida Moen Bruflat, Per Reidar Svangstu (Trenar). Framme frå venstre: Elisabeth Dale Larsen, Anne Helen Roneid, Lene Teigen, Bente Bergum. Ikkje tilstades: Hanne Mari Myklemyr, Hanne Sviggum, Karoline Øiene, Ingeborg Berli Tuften. Biletet er frå kampen i Aurland der vi vann 28–23!

Kvinner 4. divisjon. Hausten 2016 var det mange som trødde til og fekk i gang eit damelag, vi var totalt 15 spelarar (to med frilisens). Vi mista 8 spelarar sommaren 16! Me fekk både seiarar og tap, og status vart 12 poeng og mykje god speling! Me har hatt ein artige sesong der det viktigaste ikkje er å vinna men å gjera vårt beste og ha da kjekt!! Håndball er gøy.



TOYOTA SOGN